



Hardangerrådet iks



REFERAT FRÅ MØTE I RÅDMANNSFORUM

11. september 2025, 13.00-15.00. Digitalt

Tilstades: Magnus Steigedal, Eidfjord kommune - leiar
Thore Hopperstad, Ulvik herad
Anita Hesthamar, Kvam herad
Ole-Jørgen Jondahl, Ullensvang kommune

Administrasjon: Ann Irene Eliassen Myrheim og Trude L. Rinaldo

Saker til handsaming:

RF-sak 24/25 Innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling godkjent slik den ligg føre.

RF-sak 25/25 Godkjenning av møtebok frå fellesmøte HR og RF

Vedtak:

Referat frå 05.06.25 er godkjent slik det ligg føre.

RF-sak 26/25 Meldingar

Vedtak:

Meldinga er teke til vitande.

RF-sak 27/25 Orienteringssaker

Vedtak:

Orienteringane teke til vitande

**RF-sak 28/25 Forankring felles prosjekt
Forvaltningsplan Hardangangerfjord inn i budsjettprosessane**

Vedtak:

Rådmannsforum ønskjer at det vert utarbeida ein felles rutine for handsaming av felles prosjekt/søknadar i regionen.

Felles prosjekt må avklara økonomi og bemanningsbehov for kvar kommunane i henhald til budsjetthandsaming i kommunane.

Prosjekt/søknadar som er felles for fleire kommunar vert tekne opp i Rådmannsforum/Hardangerrådet før individuell handsaming i kommunane.

Rådmannsforum ønskjer at fordelingsnøkkelen vert vurdert.

RF-sak 29/25 Søknad om tilskot sertifisering Hardanger som berekraftig reisemål

Vedtak:

Rådmannsforum er i utgangspunktet positive til prosjektet, men ønskjer meir informasjon, særleg om resertifisering og kva ei slik sertifisering vil ha å seie for kommunen og reisemålet, samt den økonomiske konsekvensen av ei slik resertifisering.

Rådmannsforum avventar etterspurd informasjon snarleg, for å ta saka opp igjen før budsjettfrist 15.10.2025.

RF-sak 30/25 Besøksbidrag i Hardangerkommunane.

Vedtak:

Dei fire Hardangerkommunane samarbeider om innføring av besøksbidrag med felles sats og plan for bruk av midlane.

Hardangerrådet ber kommunane setje av ressursar i budsjetthandsaming for 2026. Det er ein føresetnad at alle kommunane gjer felles vedtak om å sette av dedikerte ressursar til utarbeiding av felles regional besøksbidragsordning i Hardanger i tråd med lova.

RF-sak 31/25 Skjønsmidlar 2026

For neste års skjønsmidlar vil ein oppmoda kommunane om å sjå på prosessar i forkant, gjerne på vårparten for å sjå på eventuelle fellesprosjekt.

Vedtak:

Rådmannsforum tek informasjonen til vitande.

RF-sak 32/25 Saker som kjem til.

Siderklynga sin søknad til innovasjon Norge om klyngestatus

Det er kome signal frå ordførarane at dei er positive til å støtta siderklynga om dei får tilsagn på klyngestatus i Innovasjon Norge.

Kinsarvik, 11.09.2025
Ann Irene Myrheim
ref.